

Kvinnherad Venstre
v/ Kjell Yri
Geilo 28
5463 Uskedalen

Uskedalen 14.07.2013

Til
NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til bygging av 5 småkraftverk i Kvinnherad kommune.

Kvinnherad kommune.

Då striden om utbygging av Hattebergvassdraget i Rosendal stod på som verst, var det eit godkjent argument at 86 % av all vasskraft i Kvinnherad kommune allerede var utbygd. Etter den søknaden er det søkt og gjeve løyve til mange småkraftverk og mikrokraftverk i kommunen. Ut frå dette må ein tru at langt over 90 % av all vasskraft i Kvinnherad kommune no er utbygd.

Det høge antal småkraftverk påverkar landskap og naturverdiar i ulik gad.

Det store talet utbyggingar gjer det vanskeleg å vurdere samla belastning, då relevante data om naturverdiar ikkje er samanstilte. Kvinnherad Venstre vil be NVE spesielt om å sjå på summen av inngrepa i Omvikedalen og Uskedalen før ein gjer vedtak om eventuelle nye utbyggingar. I Uskedalen er det søkt om å leggja alle elvar, utanom Uskedalselva som er flat, i røyr. Dette er store naturinngrep.

Hordaland fylke vedtok i desember 2009 "Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021". Planen skal gjera sitt til å sikra at ikkje naturmangfald, friluftsliv eller store landskapsverdiar går tapt ved småkraftutbygging. I rapporten står det følgjande: Områda kring Mjelkhaug, Englafjell, Ulvanosa har sårbart høgfjell av stor verdi.

Børsdalen.

Registreringsnummer:	6500
Saksnummer:	201107080

Kvinnherad Venstre meiner tiltaket er konfliktfylt ut frå fleire miljøomsyn. Fleire tema er etter vår oppfatning dårleg dokumenterte og dei negative konsekvensane er undervurderte. Utbygginga vil føre til uakseptable inngrep i INON-områda på halvøya mellom Uskedalen - Husnes — Matrefjorden. Fjellpartiet med Ulvanoso, Geitadalstind og Englafjell er kjente landemerker i området. Bortimot heile INON område klasse 1 vil gå ut. Utbygginga vil gjere eit markert inngrep i eit større INON-område på 52 km2 som ligg i det

aktuelle fjellmassivet. Store deler av INON-område klasse 1 som i dag er på 7 km², vil bli nedklassifisert til sone 2. Det vil føre til eit stort samla netto bortfallet av INON. Samla vurdering av konsekvensane for landskap og INON er sett til *negativ/stor negativ*.

Flora:

I Børsdalselva er det funne to sårbare moser (VU), vasshalemose og flommose og i tillegg den sjeldne mosen bladknoppnikke. Som det framgår av biomangfoldrapporten er både flommose og vasshalemose svært sårbare i og med at dei har dårlig spreiningsevne og formeirar seg ved fragmentering.

Dei avbøtande tiltaka som er føreslegne i søknaden er ingen garanti for at mosane vil overleva.

Fauna:

Utbygging vil ifølgje søknaden ha *stor negativ konsekvens* for tema fauna (ein sensitiv fugleart) og for INON.

Konklusjon Børsdalen:

Fjellpartiet har regional og nasjonal verdi i samband med friluftsliv og reiseliv. Det går fleire kjente tur- og klatretrasear i området. Etter vår meining blir opplevingsverdien av området sterk redusert ved utbygginga, ved demningar, røyrgate og veg, fråføring av vatn frå vassdraget og endring av bekkeløpet frå Kvanngrotjern.

Avbøtande tiltak er ikke tilstrekkeleg for å bøte på negative verknadene. Kvinnherad Venstre meiner det er viktig å sikra den urørte og heilskapelege karakteren til dette fjellområdet. Kvinnherad Venstre vil på det sterkaste rå i frå den omsøkte utbygginga.

Valedalvassdraget og overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn.

Registreringsnummer:	6289
Saksnummer:	201100802

Kvinnherad Venstre vil her peika på at det vert bortfall av INON område. Samme området som omtalt i Børsdalsutbygginga. Og samme argumentasjon imot.

Sitautevatnet er eit mykje nytta fiskevatn. Her er til dels fin fisk. Om ein stengjer det naturlege utlaupet, tek ein samtidig vekk den naturlege gyteplassen for auren.

Sitautevatnet og Småstølsvatnet ligg i ope høgfjellsterreng.

Inngrepet med tunnel vil verta synleg på lang avstand. I tillegg får ein opp mot 250 kubikkmeter med massar som vil bli svært synleg i dette området.

I skissa frå utbyggjar ser det ut for at det er sprengt inn ein open kanal i Småstølsvatnet for å møta tunnelen som kjem frå Sitautevatn. Dette vil og bli eit unødig sår.

Når det gjeld utbygging lengre nede i Valevassdraget vil Kvinnherad Venstre peika på kor viktig det er å vera varsam med framføring av rørgate og vegar forbi dei i dag eksisterande bekkeutløpa. Bekkeutløpa er viktige gyteplassar for fisken og må bevarast slik dei er i dag.

Konklusjon Valevassdraget:

Kvinnherad Venstre er sterkt imot at vatnet frå Sitautevatnet skal overførast til Valevassdraget.

Grunngjevinga er bortfall av INON område, øydelegging av dei naturlege gyteplassane for fisk og dei skjemmande varige naturinngrepa.

Dei andre omsøkte utbyggingane i Kvinnherad:

Kvinnherad Venstre er i hovudsak enig i Fylkesmannens vurderingar og problemstillingar i hans høyringsuttale i denne saka..

Bortfall av INON område er mindre problematisk enn Børsdalselva og Sitautevatn.

Når det gjeld utbygging av Tverrelva og den visuelle tilbakeføringa av demninga i Mannsvatn, vil det vera fint om ein og får på plass den store stålskruva med dreiehandtak som var der for å minska eller auka vassutlaupet.

Kvinnherad Venstre

v/ Kjell Yri

kjell.yri@kvinnherad.kommune.no